



Saksdokumenter:

KM 30.0/21 Særskilde preiketekstar

KM 30.1/21 Første innstilling frå komité A

Særskilde preiketekstar

Endeleg innstilling frå komité A

Samandrag av saksorienteringa

Den norske kyrkja har sidan høgmesseordninga frå 1977 vart teken i bruk, hatt ei ordning med kvart år å ha nokre alternative preiketekstar til dei vanlege teksttrekkene, kalla «særskilde preiketekstar». Denne ordninga overlevde reforma av hovudgudstenesta i 2011 utan større debatt, men har i etterkant vært omstridd. Bispemøtet foreslo i februar 2021 å gjennomgå grunnlaget for ordninga, og å føre ho opp som sak på Kyrkjemøtet. I etterkant har det vore ein felles konsultasjon mellom Bispemøtet og Nemnd for gudstenesteliv, som førte til forslag om at ordninga blir oppheva.

Komiteens merknader

Gudstenesteordninga frå 1977 førte til at det alltid ved sida av evangelieteksta, vert lest frå Det gamle testamentet (GT), brevtekster og anna bibelsk litteratur i høgmesse. I gudstenestereforma av 2011 er dette ytterlegare utvida ved at alle tekstane kan vere grunnlag for preika. Det breie teksttilfanget har i meir enn 40 år gjort gudstenestefeiringa vår rikare.

Komiteen understrekar at denne saka ikkje handlar om å fjerne GT frå gudstenesta, men om å avvikle ei ordning som fastset særskilde preiketekstar ved 6 gudstenester i året. Desse tekstane er oftast tekstar frå Det gamle testamentet eller frå breva i NT. Til dømes har det dei tre siste åra vore 6 GT-tekstar av totalt 15 særskilde preiketekstar.

De tre teksttrekkene i Tekstbok for den norske kyrkja inneheld dessutan fortellingstekstar og ein bibelsk salme for kvar sundag. Alle desse tekstane vil kunne spele saman i ei høgmesse. Preika har eit breitt tilfang av tekstar frå heile bibelen, intensjonen i ordninga med særskilde preiketekstar blir dermed ivaretatt innafors dagens gudstenesteordning.

Komiteen har drøfta kor viktig det er at prestar har god bibelfagleg og homiletisk kompetanse, og meiner at biskopane har et særleg ansvar for å sjå til at prestane tek i bruk breidda i tekstane for sundagen i preikearbeidet.

Konsekvensen av vedtaket om å oppheve ordninga med særskilde preiketekstar vert innarbeid i rubrikkar og Alminnelege føresegner for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja, og elles der det er relevant.

Kyrkjemøtet sitt vedtak

Kyrkjemøtet opphevar ordninga med å peike ut særskilde preiketekstar for kvart år, med verknad frå kyrkjeåret 2022-2023.

Det som står om preika i Ordning for hovudgudsteneste og Allmenne føresegner blir gjennomgått slik at det i større grad blir høve til å preike over dei tekstene som er gitt for dagen.

Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet i samarbeid med Bispemøtet, Nemnd for gudstenesteliv og relevante fagmiljø arbeide vidare med spørsmålet om bruken av tekster frå Det gamle testamentet i forkynninga i Den norske kyrkja.

Komitéleiar

saksordførar